



**Maria Malmsten er med sin virke som dirigent for toppkoret Røysterett for alle eit begrep her i distriktet. Ho har bygd opp ein solid posisjon. Men det stoppar ikkje med henne. Familien er også i høgste grad med og no skal medlemmer av den vera med henne og opptre rundt i Kvinnherad. Sjølv syng ho og spelar fløyte medan mannen Einar Steinkopf er ein framifrå gitarist og dottera Tiril Eirun Einarsdottir ein lovande utøvar både på fiolin og trekkspel og med song. Laurdag og sundag skal dei 3 saman framføra eit knippe haustlege perler på 3 institusjonar i kommunen.**

Vi har høyrd fleire frå familien tidlegare, mellom anna på Helgheim, og no kjem dei att til Rosendalstunet, Ølve Alderspensionat og Halsnøytunet. Dei har kalla programmet sitt for Septembertonar og det er eit allsidig utval av vakre tonar som høver for årstida. Dei knytar dei saman på passende måte med lyriske tekstar.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen